



Onsdag 20. april opnar låvedanssesongen på Dønhaug med eit band dei fleste "låvedansarane" nok kjenner til, nemleg Åsmund Åmli Band frå Setesdalen.

Bandetspelte på låven dei to fyrste åra vi arrangerte låvedansar (2005/2006), då lagadei kjempestemming, høg allsongfaktor og samla fulle hus (låve). Vertskapet har difor store forventningar til denne kvelden, og når vêrmeldingane i tillegg er strålende skulle alt liggje til rette for ein fantastisk flott kveld forbåde gjester, vakter og vertskap.

"Stomp og Vatn" eller "Eg e kåt, eg e galen, eg e frå Setesdalen" er vel låtane bandet er mest kjend for. Den låg 11 veker på Norsktoppen, av desse tre førsteplassar. Bandet har seld over 19 000 album av sitt første full-

lengdeCD "Bjørøy", og nærmar seg gull med dette.

Albumet "panorama" kom ut juni 2008 og er seld i ca 12 000 eks. Vurdert til einsterk seksar av musikkritikarar, og med låten "Papas grønne variant" som har fleire veker bak seg på Norsktoppen.

Bandet kallar seg sjølv eit Country/Rock – Showband og har i 15 år farta rundt på dei fleste scenar i Sør-Noreg med sine sprelske live-show. Varemerket er tekstar framført på ekte Valle-dialekt av frontfiguren i bandet, Åsmund Åmli.

Som vanleg vil gjestene denne kvelden kunne kosa seg på både låven, i Dønhaugkjedlaren eller på bord og benker ute i lag med gode vener. I tillegg legg me og opp til sal av grillmat. Etter arr.slutt vil det bli sett opp bussar

Av Magne Huglen